



Jobbnorge-ID: 280863
Søknadsfrist: 08.06.2025
Nettside: <https://www.tussa.no/>
Omfang: Heiltid
Varighet: Fast

Tussa

Tussa er eit leiande energi - og teknologikonsern på Nord-Vestlandet med om lag 300 medarbeidarar. Vi produserer fornybar energi, byggjer og driftar digital infrastruktur, leverer internett og digital-TV, tilbyr IT-tenester og er ein stor elektroentreprenør. Tussa har ei årleg omsetning på om lag 900 mill. kr.

Tussa har hovudkontor i Ørsta - i hjartet av Sunnmørsalpane med fantastiske høve for friluftaktivitetar.

Seniorkonsulent datasenter infrastruktur

Tussa IKT

Tussa IKT er ein totalleverandør av IT-tenester, og leverer løysingar basert på nettsky Azure og eigne datasentre i Ørsta og Sykkylven. I tillegg er selskapet ISO-sertifisert innanfor miljøleing og IT-sikkerheit, leverer IT-sikkerheitstenester og har ein profesjonell servicedesk.

Tussa IKT sitt fibernett dekkjer søre Sunnmøre, Stryn, Stranda og delar av Sykkylven, og det blir bygt ut fiber til husstandar og bedrifter. Selskapet har 112 medarbeidarar og kontor i Ørsta, Ålesund, Sykkylven, Åndalsnes og Stryn.

Video: <https://youtu.be/hdINkgF-R3U?si=w9kOXz-XuKc2LUdV>

Tussa IKT er i vekst og søker seniorkonsulent datasenter infrastruktur

Vil du vere med på å utvikle fremtida sine løysingar i det mest moderne datasenteret i Midt-Noreg? Tussa IKT er ein MSP med over 100 medarbeidarar, og vi leverer tenester frå tre datasentre til om lag 450 selskap. Strategien vår er å byggje opp ein hybrid tenesteportefølgje knytt til desse datasentra.

Evnar du å halde deg oppdatert på ny teknologi og har ein strukturert og løysingsorientert arbeidsstil, så er du kanskje rett medarbeidar for oss. Vi vektlegg at medarbeidarar skal vere etterrettelege og skape tillit.

Arbeidsoppgåver

- Løysingsdesign til nye og eksisterande produkt i eit hybrid datasenter
- Ta del i vidareutvikling av tenesteporteføljen vår
- Utforske og implementere ny teknologi for å etablere fremtidsretta tenester

Kvalifikasjonar

- Høgare utdanning innan IT, ingeniørfag eller tilsvarande
- Relevant erfaring
- Kompetanse innan:
 - Server- og lagringsløysingar
 - Virtualisering/hypervisorar
 - Nettverk og sikkerheit
 - Monitorering og automatisering
- Kjennskap til:
 - Applikasjonsbrannmur
 - Hybrid- og skyløysingar (Azure, AWS, etc.)

Personlege eigenskapar vil bli vektlagt.

Vi kan tilby:

- Interessante og utfordrande arbeidsoppgåver i eit selskap med høg aktivitet
- Eit uformelt arbeidsmiljø som legg vekt på personleg utvikling, sjølvstende og trivsel
- Konkurransedyktig løn
- Kurs, konferansar og sertifiseringar
- Fleksibel arbeidstid
- Gode pensjons- og forsikringsordningar
- Oppmøtestad på eit av Tussa sine kontor i Ålesund, Ørsta eller Sykkylven

Tilleggsinformasjon

Kontaktpersonar:

- Magnus Grimstad, Leiar forretningsområdet IT
Telefon: +4747900800 | E-post: magnus.grimstad@tussa.no
- Kjetil Sætre, Avdelingsleiar IT drift
Telefon: +4790012640 | E-post: kjetil.satre@tussa.no

Arbeidsstad:

- Langemyra 6 6160 Hovdebygda (Ørsta Kommune)
- Amfi Moa syd, 3. etasje 6010 Ålesund (Ålesund Kommune)
- Ullavikveien 39 6230 Sykkylven (Sykkylven Kommune)